

Til grunneigarar, naboar og offentlege og private høyringsinstansar

Dato: 24.02.2023
Vår ref: 22221

Varsel om oppstart – Detaljregulering for Grønbogen fjelltak og masselagringsplass, Dovre kommune

I medhald av plan- og bygningslova (pbl). § 12-8 vert det varsla oppstart av reguleringsplanarbeid for Grønbogen fjelltak og masselagringsplass i Dovre kommune. Registrerte grunneigarar og festarar i planområdet, og så vidt mogleg andre heimelshavarar i planområdet samt naboar til planområdet og offentlege etatar, vert med dette varsla direkte.

Korsvoll Maskin AS er forslagsstillar og Nordplan AS er utførande plankonsulent. Oppstart blir annonsert i avisa Vigga 02.03.2023. All informasjon om planarbeidet vert også å finne på Nordplan og Dovre kommune sine nettsider, www.nordplan.no og www.dovre.kommune.no.

Det aktuelle planområdet er eit avgrensa areal, lokalisert i Grønbogen, nord for tettstaden Dombås, i Dovre kommune.




Oversiktskart over Dombås der planområdet er markert.

1 Bakgrunn og føremål

Føremålet med planarbeidet er å gjennomføre ei reguleringsendring av to eldre planar, Grønbogen fjelltak og Grønbogen masselagringsplass, samt å utvide eksisterande areal for fjelltak og masselagringsplass i Grønbogen. Planområdet vil inkludere areal der det tidlegare er gjeve dispensasjon for midlertidig asfaltverk, og areal som er tilliggjande eks. reguleringsplanar. Det er behov for meir plass lokalt for midlertidig lagring av massar i driftsfasen, og oppdragsgjevar har ynskje om å oppføre eit verkstadbygg. Fjelltaket er i dag regulert i to reguleringsplanar; Grønbogen fjelltak (2013) og Grønbogen masselagringsplass (2014).

2 Planområdet og avgrensing

Ny og utvida plangrense er 217,0 daa og inkluderer utvidingar på til saman 47,5 daa ved uttaks- og masselagringsområdet, samt noko areal ved søre del av tilkomstvegen frå Grønsetervegen.






Planområdet er markert med stiplet line.



Utsnitt som syner utvidinga ved Grønsetervegen. Planområdet er markert med stiplet line.

3 Dagens plansituasjon

	<p>Kommuneplanens arealdel (2019): LNFR-formål, samferdsel- og infrastrukturlinjer (jernbane) og areal merka med Reguleringsplaner som fortsatt skal gjelde (område R70).</p>
	<p>Reguleringsplan for Grønbogen fjelltak (2013) Reguleringsplan for Grønbogen masselagringsplass (2014)</p>
	<p>Område med dispensasjon etter PBL, med vedtak i 2018.</p>

4 Oppstart og føringar

Det er gjennomført oppstartsmøte med Dovre kommune 27.01.2023. Foreslått plangrense vart drøfta og det er gjort justeringar på for å oppnå ein saumlaus planbase. Ein rekke tema vart drøfta i møtet og referatet gjev ein oversikt over dei viktigaste tema som skal vurderast i planarbeidet.

Følgande element skal inngå i planen og:

- Areal for lagring av lausmasser, som skal gjenbrukast ved avslutning av anlegget.
- Areal for midlertidig lagring av fjellmassar og evt. lausmasser som skal fraktast ut av området
- Uttaksområde for fjellmassar
- Område for verkstadbygg
- Driftsveger
- LNFR områder
- Areal for asfaltverk og midlertidig lagring av gjenbruksasfalt og evt andre gjenbruksmaterialer.
- Areal for midlertidige bygg skal avgrensast med byggegrense i plankartet.

Desse utgreiingane skal bli gjort i planomtale, risiko- og sårbarheitsanalyse og plankart, eller som fagnotat/utgreiingar i vedlegg som skal følgje planforslaget.

Saka er vurdert etter KU-forskrifta. Det er av møtepartane i oppstartsmøte vurdert at dei fleste av konsekvensane av tiltaket vert tilfredsstillande vurdert gjennom ordinær plandokument, men møtepartane kom fram til at planarbeidet fell inn under forskrift om konsekvensutgreiing § 8 første ledd bokstav a, jf. vedlegg II punkt 2 bokstav a, og punkt 11 bokstav k, på grunn av tiltakets eigenskapar. KU-krav etter vedlegg II vert gjennomført utan planprogram.

5 Medverknad

Det er høve til å kome med innspel/merknader til oppstartsvarelet. Alle skriftlege innspel vil bli vurdert og kommentert i saksframstillinga. Når eit framlegg til reguleringsplan er utforma, blir dette behandla av Dovre kommune, med sikte på utlegging til offentleg ettersyn. Det blir anledning til å uttale seg til planen også ved offentleg ettersyn.

Merknader eller innspel til planarbeidet skal være skriftlege, Innspel til planarbeidet skal vere skriftlege, og sendast:

- på e-post til: os@nordplan.no
- ev. brev til Nordplan AS, Vågåvegen 35, 2680 VÅGÅ

Fristen for innspel er sett til **31.03.2023**.

Med vennleg helsing

For Nordplan AS


Øyvind Sødal

Vedlegg:

1. Planinitiativ (Nordplan) 21.12.2022
2. Oppstartsmøtereferat (Dovre kommune) 27.01.2023
3. Plangrense oppstartsvarel (Nordplan) 23.02.2023
4. Avisannonse (Nordplan) 24.02.2023

Høyingsinstansar/interessentar:

Namn	Adresse	Postnr/Stad	E-post
Dovre kommune	Kongsvegen 4	2662 Dovre	postmottak@dovre.kommune.no
Statsforvaltaren i Innlandet	Postboks 987	2604 Lillehammer	sfinpost@statsforvalteren.no
Innlandet fylkeskommune	Postboks 4404 Bedriftssenteret	2325 Hamar	post@innlandetfylke.no
Joramo bygdealmenning	Almenningsvegen 11	2660 Dombås	post@joramoalmenning.no
Bane NOR SF (Jernbaneverket)	Postboks 4350	2308 Hamar	postmottak@banenor.no
NVE Region Øst (RØ)	Vangsveien 73 Postboks 4223	2307 Hamar	ro@nve.no
Dovre Fjellstyre	Kyrkjevegen 5	2660 Dombås	dovre@fjellstyrene.no
Direktoratet for mineralforvaltning	Ladebekken 50	7066 Trondheim	post@dirmin.no
Foreningen Jora Beitelag	Rolstadvegen 48	2665 Lesja	
Statens Vegvesen Region Øst	Industrigata 1	2619 Lillehammer	firmapost@vegvesen.no
AS Eidefoss	Edvard Storms veg 4	2680 Vågå	kundeservice@eidefoss.no

Matrikkelpartar:

83/1, 83/2, 83/3, Bane NOR SF

93/1, Joramo bygdealmenning